

HARAM KOMMUNE
Kontrollutvalet

MØTEINNKLALLING

13.11.2013

Kopi til: Ordføraren
Revisor
Rådmannen

Medlemene av
Kontrollutvalet

INNKALLING TIL MØTE I HARAM KONTROLLUTVAL

Det blir med dette kalla inn til møte i kontrollutvalet

**torsdag 21.11.2013 kl. 10.00
på Haram rådhus**

SAKLISTE:

- | | |
|-----|--|
| Sak | 09/13 - Godkjenning av møtebok frå møte 06.06.2013 |
| « | 10/13 - Godkjenning av møtebok frå møte 13.06.2013 |
| « | 11/13 - Vedkomande budsjett 2014 – Haram kontrollutval |
| « | 12/13 - Tertialrapport 2. tertial 2013 |
| « | 13/13 - Dokument motteke frå ing. Rolf Stavset AS |
| « | 14/13 - Brev frå fagforeiningar i Haram kommune
Eventuelt |

Dersom det er vanskeleg å møte, gje melding på telefon 70 17 21 58 eller 97 60 57 83 til dagleg leiar eller e-post kontrollutval@kontrollutval.no

Eivind Davik
leiar
(sign.)

**KONTROLLUTVALET I
HARAM KOMMUNE**

MØTEBOK

Møtedato: 06.06. 2013, kl. 11,00

Møtestad: Haram rådhus

Møtet vart leia av Eivind Davik

Elles til stades: Sigrid Eidsvik og Torleiv Rogne

= 3 voterande

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte:

Dagleg leiar Harald Rogne og advokat Kjetil Kvammen

Frå kommunerevisjonen møtte:

Dagleg leiar Kjetil Bjørnsen og revisjonsrådgjevar Jens Sæther

Det kom ikkje fram merknader til innkalling eller sakliste.

SAK 05/13

GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 14. MAI 2013

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Møtebok frå kontrollutvalet sitt møte 14. mai 2013 blir godkjent.

SAK 06/13

KOMMUNALT TOMTESAL PÅ STORE KALVØY – TILHØVET TIL KOMMUNALE RUTINAR, BYGGEFRIST OG ANDRE SALSVILKÅR.

Saksdokument frå kontrollutvalsekretariatet datert 28.05.2013

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Saka blir utsett.

SAK 07/13

FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT – STYRING OG KONTROLL MED IKT – TENESTENE I HARAM KOMMUNE

Saksdokument frå kontrollutvalsekretariatet datert 29.05.2013

Kontrollutvalet si samrøystes innstilling:

1. Haram kommunestyre tar Forvaltningsrevisjonsrapport nr. 4/2012: "Styring og kontroll med IKT-tenestene i Haram kommune" til vitande.
2. Haram kommunestyre ber rådmannen om å leggje fram ei eiga sak for kommunestyret, med orientering om avbøtande tiltak i høve til dei manglane ved internkontrollen som rapporten avdekkjer.

SAK 08/13

PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON – HARAM KOMMUNE

Saksdokument frå kontrollutvalsekretariatet datert 28.05.2013

I prioritert rekkjefølgje av dei to til tre forvaltningsrevisjonane som det er lagt opp til, er det lagt opp til slik rangering:

1. Sjølvkost og gebyrfastsetting
2. Skulane: Tilpassa opplæring/spesialundervisning/ressurstildeling.
3. Sakshandsaming/vedtaksoppfølging

Kontrollutvalet får delegert mynde til å vedta eit meir spesifisert prosjektinhald innanfor kvart enkelt tema som kommunestyret gjer vedtak om og eventuelt gjere endringar i planperioden.

Eivind Davik
leiar
(sign.)

Sigrid Eidsvik
nestleiar
(sign.)

Torleiv Rogne
medlem
(sign.)

**KONTROLLUTVALET I
HARAM KOMMUNE**

MØTEBOK

Møtedato: 13.06. 2013, kl. 10.00

Møtestad: Haram rådhus

Møtet vart leia av Eivind Davik

Elles til stades: Sigrid Eidsvik og Torleiv Rogne

= 3 voterande

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte:

Dagleg leiar Harald Rogne og advokat Kjetil Kvammen

Frå kommunerevisjonen møtte:

Dagleg leiar Kjetil Bjørnsen

Det kom ikkje fram merknader til innkalling eller sakliste. Møtet vart avvikla for å behandla sak 06/13.

SAK 06/13

KOMMUNALT TOMTESAL PÅ STORE KALVØY – TILHØVET TIL KOMMUNALE RUTINAR, BYGGEFRIST OG ANDRE SALSVILKÅR.

Saksdokument frå kontrollutvalsekretariatet datert 28.05.2013

Kontrollutvalet si samrøystes innstilling:

1. I saker der byggefrist vart sett etter tildelingsreglane frå 1993 ber kommunestyret om at administrasjonen snarast søker å gjennomføre frivillige tilbakekjøp av framleis ubebygde tomter på Store Kalvøy.
2. Kommunestyret ber om at administrasjonen gjennomgår kommunen sine tomtetildelingsreglar også med tanke på at tilbakekjøpsrett ved overskriden byggefrist vert klart avtala ved sal av tomt.

Eivind Davik
leiar
(sign.)

Sigrid Eidsvik
nestleiar
(sign.)

Torleiv Rogne
medlem
(sign.)

**SUNNMØRE
KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet i
Haram kommune

Dato: 13.11.2013

**SAK 11/13
BUDSJETT 2014 – HARAM KONTROLLUTVAL**

I medhald av § 18 i forskrift om kontrollutval skal kontrollutvalet utarbeide forslag til budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen. Kontrollutvalet sitt forslag til budsjetttramme for kontroll- og revisjonsarbeidet i kommunen skal følge formannskapet si innstilling til kommunestyret.

Ettersom kommunen sitt kontrollutvalsekretariat og kommunerevisjonen er interkommunale selskap der selskapene sine budsjett blir vedteke av selskapene sine respektive representantskap, vil utgiftene i denne saka berre omfatte Haram kontrollutval sine lokale utgifter. Desse utgiftene bør saman med dei utgiftene som er nemnt ovanfor leggast i det samla budsjettet for kommunen sitt kontroll- og tilsynsarbeid.

Møtegodtgjersle og tapt arbeidsforteneste til kontrollutvalet vil vere ein del av kommunen si godtgjersle til folkevalde. Desse utgiftene bygg på satsar vedtekne i Haram kommune. Dette budsjettoppsettet vil dermed omfatte kurs, opplæringsutgifter og reiseutgifter.

Kursaktiviteten er moderat. Den viktigaste samlinga er den årlege kontrollutvalkonferansen. I tillegg kan det bli andre samlingar. Særleg kontrollutvalkonferansen er av ein slik kvalitet og har ein so stor informasjonsverdi at heile utvalet bør delta.

På bakgrunn av ovanståande legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

v e d t a k :

Budsjettet for kontrollutvalet sin opplærings-og reiseaktivitet blir sett til 30.000 kroner.

Harald Rogne
dagleg leiar

**SUNNMØRE
KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet i
Haram kommune

Dato: 13.11.2013

**SAK 12/13
TERTIALRAPPORT 2. TERTIAL 2013**

Som vedlegg følgjer:

- Tertialrapport 2. tertial 2013

Av budsjettforskriftene § 10 går det fram at det skal skje rapportering til kommunestyret om den faktiske utviklinga i inntekter og utgifter sett i forhold til dei inntektene og utgiftene som er ført opp i årsbudsjettet. Rapporteringa skal skje med jamne mellomrom og minimum to gongar i året. Ved tilstrekkelege avvik skal det settast i verk tiltak. Med tiltak blir det meint ikkje berre justeringar av dei oppførte inntektene og løvyingane som er nødvendige for å sikre/oppretthalde kravet om balanse i årsbudsjettet, men også mulige tiltak innanfor budsjetttrammene som t.d. å endre innhald i det kommunale tenestetilbodet.

Rapporten gir ikkje ei prognose på forventa rekneskapsresultat, men listar mellom anna opp meirforbruk i einingane på om lag 7 millionar kroner. Det går fram at pensjonsavvik, reduserte avdrag, lågare rente, auka flyktingetilskot og auka skatteinngang kan dekkje deler av meirforbruket. Verdiaugen på plasseringar i aksjar og obligasjonar m.m. utgjer kr 18.320.127. I budsjettet for 2013 er det budsjettert med 31,9 mill. kroner i avkastning.

Rådmannen er invitert til å orientere om den økonomiske situasjonen.

Harald Rogne
dagleg leiar

**SUNNMØRE
KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet i
Haram kommune

Dato: 13.11.2013

**SAK 13/13
DOKUMENT MOTTEKE FRÅ ING. ROLF STAVSET AS**

Som vedlegg følgjer:

- Brev frå Haram kommune til Ing. Rolf Stavset AS datert 03.07.2013
- Brev frå Ing. Rolf Stavset AS av 10.07, 16.07, 2013
- Diverse vedlegg

Desse vedlegga er sendt ut tidlegare i eigen ekspedisjon.

Kontrollutvalet sine oppgåver går fram av kommunelova § 77 og forskrift om kontrollutval.

I flg. Forskrift om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner, skal kontrollutvalet føre løpende tilsyn med den kommunale forvaltninga på vegne av kommunestyret. Dette går fram av § 4 som lyder slik:

*Kontrollutvalget skal føre det løpende tilsyn og kontroll med den kommunale forvaltningen på vegne av kommunestyret, herunder påse at kommunen har en forsvarlig revisjonsordning.
Utvilget kan ikke overprøve politiske prioriteringer som er foretatt av kommunens eller fylkeskommunens folkevalgte organer.*

Ein vil spesielt presisere siste setning i sitatet ovanfor.

Kontrollutvalet har ikkje plikt til å behandle andre saker enn dei som utvalet får seg førelagt av kommunestyret eller der det går fram av lov eller forskrift.

Kontrollutvalet er etter gjeldande lov og forskrift ikkje ein kommunal klageinstans, men vil i kvart enkelt tilfelle vurdere om det ut i frå m.a. vesentlegheitsvurderingar kan vere formålstenleg å ta opp slike saker, men då må all klagerett vere oppbrukt.

Kontrollutvalet kan derimot av eige tiltak i prinsippet ta opp alle forhold ved kommunen si verksemd så lenge dette kan definerast som tilsyn eller kontroll. Når det gjeld bestillingar frå andre enn kommunestyret eller revisjonen, må kontrollutvalet sjølv vurdere om saka høyrer til under utvalet sitt kompetanseområde og om det er ønskjeleg å prioritere denne.

Kontrollutvalet har ikkje mynde til å avgjere ei sak til gunst eller ugunst for ein part, men kan naturleg nok dersom utvalet ønskjer det og økonomiske ressursar er stilt til rådvelde, undersøkje korleis saksbehandlinga i kommunen er gjort.

I denne saka er kontrollutvalet ein kopimottakar og det har ikkje blitt bedt om nokon gjennomgang. Det blir lagt opp til å bli nærmare orientert om saka i møtet.

Harald Rogne
dagleg leiar

**SUNNMØRE
KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet i
Haram kommune

Dato: 13.11.2013

**SAK 14/13
BREV FRÅ FAGFOREININGAR I HARAM KOMMUNE**

Som vedlegg følgjer:

- Brev frå tre fagforeiningar i Haram kommune datert 30.09.2013 med vedlegg
- Brev frå Haram kommune datert 23.10.2013 som er svar på brev frå fagforeiningane i Haram kommune
- Brev frå Delta og Fag forbundet datert 28.10.2013 med vedlegg

Vedlegga i første kulepunkt vart sendt ut i eigen ekspedisjon.

Kontrollutvalet sine oppgåver går fram av kommunelova § 77 og forskrift om kontrollutval. Eg viser for øvrig til drøftinga av dette temaet i sak 13/13.

Eg reknar spørsmåla som blir stilt først og fremst må rette seg mot den politiske og administrative leiinga i kommunen ettersom dette er politiske spørsmål og fagforeiningsspørsmål. Eit kontrollutval skal ikkje gå inn i slike konfliktar og skal som hovudregel - generelt sett, heller ikkje gå inn i pågåande prosessar, men eventuelt vente til ei sak er ferdig. Det er likevel fint å bli orientert om det som går føre seg i kommunen og ein reknar med at det frå rådmannen si side vil bli gitt ei orientering i møtet.

Harald Rogne
dagleg leiar



Delta/Fag forbundet

Vår ref.
13/8281/X20/PSO

Dykkar ref.

Dato:
23.10.2013

Svar på brev av 30.09.2013 frå Delta/Fagforbundet om spørsmål i høve konkurranseutsetting

Råmannen er opptatt av å ha eit ryddig forhold til avtaleverket som regulerer prinsipper om medverknad.

I kommunestyre 064/12 er delegasjonsreglementet for Haram kommune vedtatt. Delegasjonsreglementet regulerer kven som har mynde til å ta avgjersler i kommunen.

Einingsleiar har i drøftingsmøte 27.09.13 gitt organisasjonen innsyn i kva for entrepenørkontrakter ein har tenkt å lyse ut. Fagforeningane formidla at kommunen bør tilsette fleire driftsoperatører istaden for å nytte underleverandørar, og at dette er å konkurranseutsette tenester.

Det vart satt ein frist av arbeidsgjevar for når fagforeningane skulle kome med skriftleg innspel om deira ståstad knytt til bruk av underleverandørar. Etter at referat frå drøftingsmøte vart utsendt viser det seg at partane hadde ulik oppfattning knytt til denne fristen. Partane har difor i møtet 22.10.13 blitt einige om ein ny frist som er satt til 31.10.13. Einingsleiar vil kalle inn til nytt møte etter at innspela frå fagforeningane har kome inn.

Råmannen ser på denne dialogen som eit ledd i ein intern prosess der de som fagforeninger er invitert til å kome med innspel, før kommunen tek stilling til kva som skal skje vidare. Dette innbefatter også politisk handsaming dersom sider av saka blir av prinsipiell karakter.

Med helsing

Turid Hanken
Rådmann

Petter Sortevik
Rådgivar

Delta og Fagforbundet.

Brattvåg den 28.oktober 2013.

Til Haram Kommune,

Rådmann Turid Hanken.

Post.Mottak.

Spørsmål i høve brev av 23.10.13 frå Rådmann Turid Hanken i høve konkurranseutsetting i Eigedom og teknisk Drift.

Underteikna takker for brev der Rådmannen opplyser at ho er opptatt av å ha eit ryddig forhold til avtaleverket som regulerer prinsipper om medverknad.

Vi forventer at Rådmannen svarer på våre to konkrete spørsmål i brev av 30.09.13.:

1. Kva er det besluttande organ i høve konkurranseutsetting av ein eller fleire tenester i Eigedom og Teknisk Drift som i dag er drifta i eigen regi?
2. Kva for prosess skal ligge til grunn i Haram Kommune for eit evt.vedtak om konkurranseutsetting av kommunale tenester?

Sameleis ber vi om svar på to tilleggsspørsmål:

1. Kva oppgåver skal EDT utføre med eigne tilsette i tida som kjem?
2. Kva tenester er det som EDT utfører som skal privatiserast og leggast ut for konkurranseutsetting?

Ut i frå det som har kome fram i møte med Haram Kommune som arbeidsgjevar i høve "snik privatisering" der tilsette som sluttar i Eigedom og Teknisk Drift ikkje blir erstatta, vil vi vedlegge dokument som viser Rådmannen kor ryddig Haram Kommune er som arbeidsgjevar i forhold til avtaleverket.

Vedlegga er:

1. Innkalling til drøftingsmøte Haram Kommune 03.04.13
2. Brev frå Delta 19.mars 2013,Delta Haram er missnøgd med saksutgreing og sakliste.
3. Innkalling til drøftingsmøte Haram Kommune 27.09.13.
4. Referat frå drøftingsmøte 27.09.13.
5. Brev frå Delta, protesterer på delar av referatet som gir eit feilaktig inntrykk 19.10.13.
6. Brev frå Delta og Fagforbundet , kommentarer til referat frå drøftingsmøte den 27.10.13.

Vi venter framleis på skriftleg svar på dei to konkrete spørsmåla våre frå 30.9.13 og ser fram til ein meir ryddig prosess framover enn kva vi som tillitsvalde har opplevd fram til no.

Med helsing


Terje Hurlen

HVT Delta


Haldor Lillebø

PTV Delta

HVT Fagforbundet.


Øygunn Varpe

Kopi til:

Ordførar Bjørn Sandnes,

Kontrollutvalet V/Harald Rogne

Rådgjevar Petter Sortevik.

Vedlegg 1

Innkalling til drøftingsmøte Haram kommune

Bakkely, Rådhuset
03.04 2013
Klokka 08:00-09.30

Fagforbundet,
Delta

Nye arbeidsavtaler for driftsoperatører ETD

Saksliste

Saksutgreiing like arbeidsavtaler
Driftsoperatørane har forskjellig arbeidsavtaler. Dette skriv seg frå før samanslåing av vaktmeister og driftsoperatør. Det er ulikheitar i oppmøtestad, bruk av tjenestebil, arbeidstid. Dette er frustrerande for dei ansatte.
Vurderer det som viktig å få innført like arbeidsavtaler for alle ansatte som har like ansettelsesforhold.
Vurderer det som viktig å få innført like avtaler for oppmøtestad og mønstringssstad.

1. Arbeidsavtale

Tegne nye arbeidsavtale med alle driftsoperatørar. Nutte ny mal for arbeidsavtalar som er innført i kommunen. Tilpassa avtalen slik at alle får like vilkår med hensyn til arbeidstid, oppmøtestad, spisepause. Kvalitetssikre og lage sikring for at arbeidsavtaler ivaretak lønsordning for definerte fagarbeider.

2. Redusert Beredskap

Behovet for beredskapsvakt har avtatt. Det er blant anna langt ferre vannbrudd i dag enn tidligare.
Vaktordning har ført til at mange går og vaktar unødvendig på natt og helg, og grunna avspasering av beredskap har vi få ressursar til å utføre oppgåver på dagsid.
Administrasjonen vil forhalde seg til ny beredskapsavtale av 12.12.12 og foreslår å redusere antal ressursar i beredskap frå 2 til 1.

3. Utlysing av entreprenørkontrakter

Haram kommune bruker underleverandører til å utføre mange tenester. Det er til no ikkje etablert faste avtaler med noko firma som utfører slikt arbeid for kommunen. Administrasjonen vil lyse ut og vurdere å inngå rammeavtale med firma som kan utføre tenester innan graveentreprenør for vedlikehald av veg, avløp, vann. Byggfag for vedlikehald og renovering av bygg og eigedom. Elektro, VVS vedlikehald av elinstallasjoner og vvs-anlegg. Haram legg opp til å bruke same system for utlysing som blei brukt i Ålesund Kommune.

Vedlegg 2.



Brattvåg den 19.mars 2013.

Til Haram Kommune

V/Einingsleiar Kjell Sindre Johansen.

Svar på innkalling til drøftingsmøte Haram Kommune.

Delta Haram er missnøgd med saksutgreing og sakliste.

Til sak nr 1 Arbeidsavtale. Vi krev å få tilsendt utarbeida mal for arbeidsavtaler i EDT som er tenkt brukt..

Til sak 2. Redusert beredskap. Delta Haram aviserer å drøfte denne saka når vi har ein framforhandla avtale. Delta gjekk inn i forhandlingane under den føresetnad at gjeldande praksis med at 2 personar skulle ha underordna vakt pr veke. Dette utspelet frå Einingsleiar Johansen ser vi i Delta på som eit forsøk på avtale brot. Er dette forslaget drøfta med dei som har overordna vakt ?

Til sak nr 3 Utlysing av entrepenørkontrakter. Delta Haram ser på denne saka som ei sak som kjem under § 1-4-2 Konkuranseutsetting i Hovudavtalen i K-S området. Delta Haram krev ei saksførebuing som tek omsyn det som er avtalt i § 1-4-2 .Dei tilsette i EDT er oppgitte over at det ikkje blir tilsette nye arbeidstakar i eininga etter kvart som folk sluttar i EDT. Einingsleiar Johansen har gått ut med at det skulle lysast ut etter 2 nye medarbeidarar i eininga, og i neste omgang får vi skiftande innspel om "Snik privatisering". Det er no på tide å ta ein grenseoppgang kva Haram Kommunne skal ha utført med eigne tilsette og kva som skal konkurranseutsettast , der Lov om offentlege anskaffelser blir fylgd.

Delta Haram ber om ei tilbakemelding på det som vi har kome med ovanfor.

Med helsing

Delta Haram

Terje Hurlen

HVT

Vedlegg 3.

Innkalling til drøftingsmøte Haram kommune Fredag den 27.09.13 kl. 12:15 Formannskapssalen

Fagforbundet,
Delta

Saksliste

Saksutgreiing like arbeidsavtaler

Driftsoperatørane har forskjellig arbeidsavtaler. Dette skriv seg frå før samanslåing av vaktmeister og driftsoperatør. Det er ulikheitar i oppmøtestad, bruk av tjenestebil, arbeidstid. Dette er frustrerande for dei ansatte.

Vurderer det som viktig å få innført like arbeidsavtaler for alle ansatte som har like ansettelsesforhold.

Vurderer det som viktig å få innført like avtaler for oppmøtestad og mønstringssstad.

1. Arbeidsavtale

Tegne nye arbeidsavtale med alle driftsoperatørar. Nyte ny mal for arbeidsavtalar som er innført i kommunen. Tilpassa avtalen slik at alle får like vilkår med hensyn til arbeidstid, oppmøtestad, spisepause. Kvalitetssikre og lage sikring for at arbeidsavtaler ivaretak lønsordning for definerte fagarbeider.

2. Redusert Beredskap

Behovet for beredskapsvakt har avtatt. Det er blant anna langt ferre vannbrudd i dag enn tidligare.

Vaktordning har ført til at mange går og vaktar unødvendig på natt og helg, og grunna avspasering av beredskap har vi få ressursar til å utføre oppgåver på dagtid.

Administrasjonen vil forhalde seg til ny beredskapsavtale av 12.12.12 og foreslår å redusere antal ressursar i beredskap frå 2 til 1.

3. Utlysing av entreprenørkontrakter

Haram kommune bruker underleverandører til å utføre mange tenester. Det er til no ikkje etablert faste avtaler med noko firma som utfører slikt arbeid for kommunen. Administrasjonen vil lyse ut og vurdere å inngå rammeavtale med firma som kan utføre tenester innan graveentreprenør for vedlikehald av veg, aviøp, vann. Byggfag for vedlikehald og renovering av bygg og eigedom.

Elektro, VVS vedlikehald av elinstallasjoner og vvs-anlegg. Haram legg opp til å bruke same system for utlysing som blei brukt i Alesund Kommune.

4. Innspel frå foreningane

5. Avklare behov for eventuelt nytt møte.

Helsing
Kjell Sindre Johansen
Einingsleiar
Eigedom og teknisk drift

Vedlegg 4

Referat fra drøftingsmøte 27.09.13

Tilstades:

Kjell Sindre Johansen
Konrad Longva
Petter Sortevik

Einingsleiar ETD
Arbeidsleiar Uteppersonell
Rådgjevar

Øygunn varpe
Terje Hurlen
Erling Otterlei

HTV Fagforbundet
HTV Delta
Tilsett i uteseksjonen

1. Arbeidsavtale

Tegne nye arbeidsavtale med alle driftsoperatørar. Nutte ny mal for arbeidsavtalar som er innført i kommunen. Tilpassa avtalen slik at alle får like vilkår med hensyn til arbeidstid, oppmøtestad, spisepause. Kvalitetssikre og lage sikring for at arbeidsavtaler ivaretak lønsordning for definerte fagarbeider.

Konklusjon: Partane viser til tidlegare drøftingsmøte. Partane vart i møte einige om at det kan vere grunnlag for å ha ein vis fleksibilitet i arbeidstida. Forslag til fleksiarbeidstidsavtale for utepersonel i ETD vart framlagt – og partane vurderer avtalen og vil realitetsbehandle den i neste møte.

2. Redusert Beredskap

Behovet for beredskapsvakt har avtatt. Det er blant anna langt ferre vannbrudd i dag enn tidligare. Vaktordning har ført til at mange går og vaktar unødvendig på natt og helg, og grunna avspasering av beredskap har vi få ressursar til å utføre oppgåver på dagtid. Administrasjonen vil forhalde seg til ny beredskapsavtale av 12.12.12 og foreslår å redusere antal ressursar i beredskap frå 2 til 1.

Konklusjon: Fagforeningene meiner at det framleis er behov for ei vaktordning på dagens nivå. Om Haram kommune likevel vil redusere beredskapen vil fagforeningene seie opp avtalen av 12.12.12. Fagforeningene krev svar innan 30.09.13

3. Utlysing av entreprenørkontrakter

Haram kommune bruker underleverandører til å utføre mange tenester. Det er til no ikkje etablert faste avtaler med noko firma som utfører slikt arbeid for kommunen. Administrasjonen vil lyse ut og vurdere å inngå rammeavtale med firma som kan utføre tenester innan graveentreprenør for vedlikehald av veg, avløp, vann. Byggfag for vedlikehald og renovering av bygg og eigedom. Elektro, VVS vedlikehald av elinstallasjoner og vvs-anlegg. Haram legg opp til å bruke same system for utlysing som blei brukt i Ålesund Kommune.

Konklusjon: Partane er samd i at avtaler med leverandører bør formaliserast. Fagforeningane formidlar likevel at kommunen bør tilsette fleire, i staden for å nytte underleverandørar. Fagforeningene vil kome med skriftleg tilbakemelding innan 17.oktober 2013

4. Innspel frå foreningane

Konklusjon: Fagforeningene vil kome med skriftleg tilbakemelding innan 17.oktober 2013

5. Avklare behov for eventuelt nytt møte.

Konklusjon: Nytt møte vert avtalt etter innspel frå fagforeningene har kome inn.

Ref

Petter Sortevik

Vedlegg 5

Delta

Terje Hurlen og Erling Otterlei.

Brattvåg den 16.10 2013.10.15

Til Einingsleiar Kjell Sindre Johansen, rådgjevar Petter Sortevik.

Vi vil protestrere på delar av referatet som gir eit feilaktig inntrykk .

Sak 1. Arbeidsavtale.

Det var under dette punktet med fleksiarbeidsavtale for utepersonell vi skulle gi skriftleg tilbake melding om innan 17.oktober 2013. Delta kan vere med på gi sin tilsluttnad til eit slikt opplegg..

Sak 2. Redusert Beredskap

Delta tek avstand frå påstandane til einingsleiar Johansen om "Behovet for beredskap har avtatt" Det ser ut til at Einingsleiar Johansen ikkje har oppfatta kva som ligg i beredskapsvakt i Eigedom og Teknisk Drift. Det er særskilt urovekkande når ein leiar kjem med slike påstander utan ta kontakt med dei som utøver overordna teknisk vakt i administrasjonen. Sameleis er det truleg ikkje gjort vurderingar opp mot manglende beredskap over for krav frå forsikringsselskap og mattilsynet sine krav til beredskap ved vannbrudd.

Vi er i tvil om Einingsleiar Johansen har oppfatta konsekvensen av den beredskapsavtale av 12.12.12 mellom Haram Kommune og Delta/Fag forbundet der avspasering vart redusert, og ein fekk kompensasjon meir over på økonomisk utbetaling. Då går det ikkje å bruke same setninga som vart lansert tidleg i 2012 av Einingsleiar Johansen før den inngåtte avtale. Setninga det er snakk om er: "Vaktordning har ført til at mange går og vaktar unødvendig på natt og helg, og grunna avspasering av beredskap har vi få resursar til å utføre oppgåver på dagtid."

På grunn av at Haram Kommune vil bryte forutsetningane i beredskapsavtalen med å redusere frå 2 til 1 person på vakt vart arbeidstakarorganisasjonane nøydde til å seie opp avtalen den 30.09.13, og då har vi ingen avtale frå 31.12.13. Då er det vilkåra i hovudtariffavtalen og Arbeidsmiljølova som gjeld og då aukar avspaseringa frå 7,5 time pr vakt til 25,6 time pr vakt.

Sak 3. Utlysing av entreprenørkontrakter.

Fagforeiningane har ikkje gitt uttrykk for vi vil kome med skriftleg tilbakemelding om denne saka innan 17.oktober 2013. Vi har sendt brev til Ordførar, Rådmann og Kontrollutval om konkurranseutsetting, og ventar på svar før vi tar saka vidare.

Vedlegg 6.

Delta og Fagforbundet

Brattvåg den 28.oktober 2013

Til Einingsleiar Kjell Sindre Johansen, rådgjevar Petter Sortevik
Post Mottak
Kopi Rådmann Turid Hanken.

Kommentarer til referat frå drøftingsmøte den 27.09.13.

Vi syner til referat frå drøftingsmøte som kom oss i hende 14.dagar seinare enn Einingsleiar Johansen fekk det tilsendt. Delta kom den 16.10.13 med protest på delar av referatet som gir eit feilaktig inntrykk av kva partane var samde om i møtet. Delta opprettheld framleis dei presiseringane som står i brev frå oss datert 16.10.13.

Delta og Fagforbundet var innkalla til drøftingsmøte den 03.04.13 med ei nøyaktig likelydande sakliste som på drøftingsmøte den 27.09.13. Delta sende brev til Haram Kommune V/ Einingsleiar Kjell Sindre Johansen 19.3.13, der Delta var missnøgd med saksutgreiing og sakliste. Delta avviste å drøfte ein framforhandla avtale.

Til sak nr 3.

Til sak om utlysing av entreprenørkontrakter kom Delta med fylgjande: "*Delta Haram ser på denne saka som ei sak som kjem under § 1-4-2 i Hovudavtalen i K-S området. Delta Haram krev ei saksførebuing som tek omsyn til det som er avtalt i HA § 1-4-2. Dei tilsette i EDT er oppgitte over at det ikkje blir tilsette nye arbeidstakar i eininga etter kvart som folk sluttar i EDT.*

Einingsleiar Johansen har gått høgt ut med at det skulle lysast ut etter 2 nye medarbeidarar i eininga, og i neste omgang får vi skiftande innspel om "Snik privatisering". Det er no på tide å ta ein grenseoppgang kva Haram Kommune skal ha utført med eigne tilsette og kva som skal konkurranseutsettast, der lov om offentlege anskaffelser blir fylgd.

Delta Haram ber om ei tilbakemelding på det som vi har kome med ovanfor."

Arbeidsgiver sine representantar avviste både i møtet 3.4 (Johansen og Sortevik) og 27.9 (Sortevik) at dette handla om konkurranseutsetjing. Kommunen la heller ikkje opp til dette i innkallinga. Likevel handlar plutselig **referatet** frå møtet om at "partane er samd i at avtaler med leverandørar bør formaliserast" og til sak 4. "Konklusjon at fagforeningane vil kome med skrifileg tilbakemelding ". Ein kan spørje seg om arbeidsgiver med dette er ryddig i forhold til avtaleverket som regulerer prinsipper om medverknad eller om det minner om manipulasjon.

I møte den 3.04.13. kom einingsleiar Johansen kom med fylgjande utsagn: "Han som einingsleiar hadde fått råd av tidlegare medarbeidarar i EDT om å ikkje tilsette nye arbeidstakarar i EDT før enkelte som i dag arbeider i EDT har slutta."

Delta og Fagforbundet prøver å halde på ei linje som er i tråd med gjeldande lover og reglar og at inngåtte avtaler blir fylgte og hadde forventa dette også av Haram Kommune som arbeidgjevar.

Det er særskuffande at Einingsleiar Johansen som representerer Haram Kommune som arbeidsgjevar har manglande respekt for det meste som lover og regler, avtaler mellom partane som ein er samde om, men blir ikkje sett i verk. Det ser ut til at det er eit mål at tilsette i EDT får heidersmerke frå K.S før ein får arbeidsavtale i samsvar minste krava i arbeidsmiljølova.

Delta og Fagforbundet har også oppsvert at det blir gitt missvisande opplysingar til Haram Kommunestyre i rapport pr. 2. tertial 2013 når det gjeld forhold i Eigedom og teknisk drift. Dette er eit brudd på § 12 i dei Etiske retningslinene som er vedtekne 21.mars 2013 med sitat "All informasjon som kommunen gir, skal vere korrekt og påliteleg og ikkje med vilje gjevast tvitydig formulering".

Vi har også vorte kjend med at Einingsleiar Johansen driv med "lobbyverksemnd" overfor firmaer og entreprenører for å få dei til utføre tenester som i dag er utført av eigne tilsette. Er dette i tråd med Hovudavtalen og Lov om offentlege anskaffelser.?

Tillitsvalde i arbeidtakarorganisasjonane opplever at Einingsleiar Johansen opptrer uryddig når han representer Haram Kommune på ein slik lempfeldig måte over for oss tilsette, der lover og regler ikkje blir fylgd, og inngåtte avtaler som ikkje blir oppfylgd.

Delta og Fagforbundet forventer at Haram Kommune opptrer på ein seriøs måte som arbeidgjevar,,der ein held seg for god til å manipulere referat frå eit "såkalla drøftingsmøte"


Terje Hurlen
HVT Delta


Øygunn Varpe
HVT Fagforbundet


Haldor Lillebø Erling Otterlei
PTV Delta Vara PTV Delta.

HARAM KOMMUNE

Sakspapir

Utval	Møtedato	Saksnr	Saksbeh.
Formannskapet	15.10.2013	069/13	Per Langnes
Kommunestyret	24.10.2013	061/13	Per Langnes

Avgjerd av: Kommunestyret	Arkiv: 210	Arkivsaknr 13/693
---------------------------	---------------	----------------------

Tertialrapport 2. tertial 2013

Framlegg frå Rådmannen:

Formannskapet rår kommunestyret til å gjere slikt vedtak:

Kommunestyret tar tertialrapport for 2. tertial, med dei forslag til tiltak som er skissert i saksutgreiinga, til vitande

Behandling i Formannskapet den 15.10.2013:

Rådmannen sitt framlegg vart samråystes tilrådd.

FS-069/13 Tilråding:

Kommunestyret tar tertialrapport for 2. tertial, med dei forslag til tiltak som er skissert i saksutgreiinga, til vitande

Vedlegg:

Tertialrapport 2. tertial 2013

Gjeldsrapport

Paretorapport

Saksutgreiing:

I følgje økonomireglementet for Haram kommune skal det kvar tertial leggjast fram ein økonomirapport til kommunestyret. I tillegg til økonomidelen viser vedlagte tertialrapport korleis status er i i forhold til verksemndsplanar/styringskort mv.

Tre av einingane, barnehage og omsorgseiningane ventar eit større overforbruk enn budsjettet. Årsaka til dette er kommentert i rapporten, og var og kommentert i tertialrapporten for 1. tertial. Ein reknar med å kunne hente inn litt frå drifta elles slik at samla overforbruk i drifta kan bli ca. kr 7 millionar.

Pensjonsavvik, reduserte avdrag, lågare rente, auka flykningetilskot og auka skatteinntekter kan bidra til å dekkje deler av overforbruket, men pr. i dag er her knytt stor usikkerheit, og ein må eventuelt kome tilbake til ei budsjettjustering dersom det er mogleg.

Det går fram av rapporten at ein stort sett er i rute i forhold til gjennomføring av vedtak og oppfølging av styringskort. Det vert arbeidd med oppfølging i forhold til alle punkta, og av rapporten går det fram at ein ikkje ser ut til å kome så langt som ein ville i forhold til revideringa av beredskapsplan og kartlegginga av kjerneområde landbruk. Ein del av punkta i styringskortet er elles slik at føresetnadane har vore at arbeidet skal gå over fleire år.

Vurdering:

Økonomien er ei utfordring, og det er antyda at ein kan kome ut med eit samla overforbruk i drifta på 7 millionar kroner. Dette gjeld spesielt områda som det vart varsle om i 1. tertial. Ein har vurdert ulike tiltak, men ein har ikkje funne det mogleg å gjere større endringar i drifta som påverker resultatet i år. Rådmannen har gitt instruks om å spare i alle einingar der det er mogleg. Det er særleg lønsutgifter som gir store kostnadar. Ein har vurdert å innføre generell stillingsstopp, men dette er vanskeleg å gjennomføre i praksis. Ein vil likevel unngå å tilsetje der det er mogleg. Redusert bruk av vikarar vart allereie gjennomført i byrjinga av året, men dette må ytterlegare innskjerpast resten av året.

Alle einingar er pålagt å spare der det er mogleg, og kostnadar som kan unngåast skal ikkje påførast kommunen. Eventuell budsjettjustering må takast dersom ein seinare ser at dette er mogleg.


Rådmann

Per Langnes
Leiar Stab/støtte



TERTIALRAPPORT

2. TERTIAL 2013



INNHOLD

1 INNLEIING.....	3
2 STYRINGSKORTET.....	*
BRUKARPERSPEKTIVET.....	*
PERSPEKTIV FOR ØKONOMI OG RESSURSAR.....	*
MEDARBEIDARPERSPEKTIVET.....	*
PERSPEKTIV FOR PROSESS OG FORNYING.....	*
3 ØKONOMIRAPPORT PR. 1. TERTIAL 2013	*

Vedlegg

PARETORAPPORT

GJELDSRAPPORT

1. INNLEIING

I følgje økonomireglementet for Haram kommune skal det kvar tertial leggjast fram ein økonomirapport til kommunestyret. I tillegg til økonomidelen gir tertialrapporten ein status i forhold til styringskort/verksemndsplanar, samt andre ting som det har vore arbeidd spesielt med i einingane. Styringskortet for 2013 er ambisiøst, men aktiviteten har vore god, sjølv om ein kanskje ikkje vil kome i mål med alt som ein har satt seg som mål å gjennomføre. Endeleg rapport med meir detaljar vil skje gjennom årsmeldinga som vert lagt fram våren 2014.

Økonomidelen gir ei god oversikt over rekneskapet pr. utløpet av 2. tertial 2013, samt eigne rapporter knytt til kommunen si gjeld (Gjeldsrapport) og finansavkastning (Pareto).

Med unnatak av tre einingar, er ein om lag i rute i forhold til fastsette driftsrammer. I tertialrapporten for 1. tertial vart det peika på at barnehageeininger og omsorgseiningane såg ut til å få problem med å unngå overforbruk. Dette bildet har ikkje endra seg, og dei aktuelle einingane melder no om at dei samla kan få eit overforbruk i storleiken 8-8,5 millionar. Bakgrunnen for overskridingane går nærmare fram av einingsleiarane sine kommentarar under perspektivet for Økonomi og ressursar, men er knytt mot kostnadlar til private barnehagar, pasientsituasjonar, auka kostnadlar til særskilde yrkesgrupper i samband med det sentrale lønsoppgjeren og reduserte inntekter. Slik situasjonen ser ut no kan det vere mogleg å hente litt gjennom andre einingar, men det vil vere vanskeleg å hente meir enn 1-1,5 millionar, noko som kan gi eit samla overforbruk i drifta på 7 millionar kroner. Dette føreset at ein reduserer kostnadane der det er mogleg/forsvarleg innanfor alle område. Rådmannen har gitt instruks om dette til alle einingar. Av tiltak som vert sett i verk kan ein nemne redusert innleige, redusert vikarbruk og at ein i kvart einskild tilfelle vurderer å la stillingar som vert ledige stå vakant.

Pensjonsavvik, reduserte avdrag, lågare rente, auka flyktingetilskot og auka skatteinntekter kan bidra til å dekkje deler av overforbruket, men pr. i dag er nivået på dette usikkert, og ein må eventuelt kome tilbake til ei budsjettjustering dersom det er mogleg.

2. STYRINGSKORTET

BRUKARPERSPEKTIVET

Hovudmålet i styringskortet er at Haram kommune skal levere moderne og brukarretta tenester, i samspel med innbyggjarar / omgivnader. Fokusområde i 2013 er

- Utvikle kunnskap, ferdigheter og haldningar til å forstå forventningar og endra føresetnader frå omgivnadene / innbyggjarane våre, og utvikle evne til å møte desse.
- Oppfølging av planar inntatt i Kommunal planstrategi

Utvikling og synleggjering av tenestetilbodet:

Alle einingane og stab/støtte skal i løpet av 2013 ha arbeidd med minst eitt tiltak for å synleggjere at ein yter gode tenester i forhold til fastsette rammer. Til tross for at budsjetttramme er stramme yter kommunen gode tenester i einingane. Rapporteringa på dette er delvis tatt inn i andre punkt i tertialrapporten, men vil ha meir fokus i årsmeldinga.

Samhandlingsavtalar knytt til Samhandlingsreforma:

Som ein lovfesta del av samhandlingsreforma, er det inngått samhandlingsavtalar mellom kommunen og Helse Møre og Romsdal. Formålet med avtalane, er å konkretisere og avklare ansvarsfordelinga mellom kommunen og helseføretaket, og skal bidra til at tilboda til pasientane er heilheitlege. Desse avtalane skal reviderast årleg. Dersom partane ønskjer endringar i avtalen må ein melde frå om dette før 1. oktober kvart år. Sidan dei er likelydande for alle kommunane er det lagt opp til ein samarbeidsprosess med tanke på innspel til revideringa. Einingsleiar for Helsetenester har delekte i ei interkommunal arbeidsgruppe som har arbeidd med innspel. Behandling av sakar med revidering av avtalane vil bli tatt opp i Overordna samhandlingsutval, som legg det fram for partane (kommunane og helseføretaket) for endeleg avgjerd.

Eigedomsforvaltninga:

Eigedom og teknisk drift har arbeidd med å følgje opp kommunestyret sitt vedtak i sak 36/11 knytt til eigedomsforvaltninga. Ei fleirfagleg prosjektgruppe har arbeidd fram forslag til ny organisering av forvaltning, vedlikehald og utvikling av eigedom.

Ein tek sikte på at grunnlaget til ny ordning for forvaltning av eigedom kan bli ferdig i løpet av 2013, men at budsjettmessige endringar først kan innarbeidast frå og med budsjettåret 2015.

Saman for barn og unge:

Einingane barnehagetenester, grunnskuletenester, helsetenester, sosialtenester og tiltakstenester for barn og unge arbeider saman i programmet Saman for barn og unge Haram kommune 2007-2017 (SFBU)

Målet med programmet er å styrke forebygging, tidleg intervension og samhandling rundt barn og unge. Gjennom langsiktig samhandling arbeider ein for å styrke samkjørt leiing, sikre hensiktsmessig organisering av arbeidet, gjennomføre nødvendig kompetanseheving og utvikle tiltak som har god effekt

I regi av SFBU blei det 15.aug gjennomført felles fagdag for alle 320 medarbeidarane som arbeider relatert til barn, unge og familiær i kommunen. Temaet var "Tverrfagleg samhandling – i ly eller lys av taushetsplikten" Målet er å styrke felles forståing av regelverket knytt til teieplikt og informasjonsutveksling for at barn i risiko skal få tidleg og rett hjelp. Etter samlinga blir det arbeidd vidare med temaet både internt i einingane og felles, for å sikre ein best mogleg praksis. Haram kommune satsar også på foreldrerettleatingsprogrammet PMTO, og har utdanna to terapeutar som tilbyr denne tenesta. I tillegg startar vi i haust opplæring av PMTO-rådgjevarar i samarbeid med Adferdssenteret.

Mission Possible

Haram kommune er også med i det regionale prosjektet Mission Possible, eit samhandlingsprosjekt i regi av helseforetak, bufetat og politi og kommunane på Sunnmøre. Målet med prosjektet er å styrke samhandling og sikre tidleg, rett og koordinert hjelp til barn i risiko. Gjennom dette prosjektet får Haram kommune tilgang til kompetansehevande tiltak og faglege ressursar som kjem til nytte i lokalt arbeid, og det blir lagt til rette for samhandlingsarenaer og kunnskapsdeling. På felles samling i august drøfta medarbeidarar frå Haram høgaktuelle problemstillingar rundt psykisk helse, vald, overgrep, omsorgssvikt og akuttberedskap i forhold til barn i risiko med representantar frå andre kommuner, ulike avdelingar i helseforetaket, bufetat og politiet for å finne felles løysingar som bidrar til at barn får rett hjelp til rett tid.

Strategi for folkehelsearbeidet:

Det er sett ned ei arbeidsgruppe som er i gong med arbeidet med strategi for folkehelsearbeidet. I samsvar med intensjonen i folkehelselova og folkehelsemeldinga "God helse – felles ansvar (St.meld 34)", vil strategien vil bli utarbeidd i samarbeid med frivillige og private aktørar. Ein reknar med å legge fram dokumentet til politisk behandling ved årsskiftet.

Beredskapsplan / ROS-analyser:

Arbeidet med ROS-analyser og revisjon av beredskapsplanane er eit omfattande arbeid, og ein ser at ein ikkje vil greie å ha dette ferdigstilt i 2013. Fylkesmannen har bidratt med å legge til rette malar for kommunane i beredskapsarbeidet som no vil kome til nytte i det vidare arbeidet. Det er lagt opp til eit interkommunalt samarbeid med Ålesund, Giske, Sula og Skodje, men dette arbeidet er framleis på planstadiet, og har ikkje kome lenger. Kommunen må derfor arbeide vidare på eiga hand, og nytte det grunnlaget ein har laga.

Brukarundersøkingar:

Nokre av einingane har lagt opp til å gjennomføre brukarundersøkingar i 2013. Til no har barnehagetenester gjennomført brukarundersøking, der ein i heilheitsvurderinga ligg likt eller litt over snittet i Noreg. Meir om denne brukarundersøkinga og tilsvarande i nokre av dei andre einingane vil bli tatt inn i årsmeldinga.

Ressursanalyse av helse- og omsorgstenester:

Omsorgseiningane saman med einingane for helse og sosial har ved hjelp av RO (Ressurssenter for omstilling i kommunene) hatt ein gjennomgang av KOSTRA- og IPLOS-tall. Analysen vart utført i mai, og rapporten presentert for formannskapet i august. Av rapporten går det fram:

"De økonomiske nøkkeltallene forteller at Haram kommune har et relativt lavt utgiftsnivå i pleie- og omsorgstjenestene, målt i kostnad per plass og per bruker (både i omsorg totalt og i hjemmetjenestene). Kommunen har prioritert omsorgstjenesten, og bruker en litt større andel av sitt budsjet til pleie- og omsorgsformål enn landsgjennomsnittet, men fortsatt under gjennomsnittet for kommunegruppen. Kommunen har altså ikke et utgiftsnivå som i utgangspunktet leder mot en konklusjon om "sløseri" eller "alt for høye utgifter".

Når kommunens utgiftsnivå til pleie og omsorg forsøkes korrigert for kommunens utgiftsbehov (innbyggernes behov for tjenester), kommer Haram kommune ut som nr. 96 av 385 kommuner. Kommunen har altså nærmere $\frac{3}{4}$ av norske kommuner bak seg når det gjelder utgifter til pleie og omsorg korrigert for behov, noe som også kan forstås som et uttrykk for at omsorgstjenesten også har god effektivitet.

Lave utgifter per bruker/tjenestemottaker og institusjonsplass kan ses som et uttrykk for at kommunen driver effektivt, men lave utgifter per bruker/plass har sterk sammenheng med hvor hjelpetrengende brukerne er."

Det vert arbeidd vidare med innhaldet i rapporten og område som er aktuelle for forbetring.

Oppfølging av kommunal planstrategi:

Addressering:

Arbeidsgruppene som skal kome med namneforslag på vegane er no i gong. Dette gjeld 4 grupper fordelt på ulike geografiske område i kommunen, og i eit fellesmøte har dei fått presentert kva for vegar

ein skal kome med namneforslag til. Forsлага skal i første omgang leggast fram for kulturutvalet til behandling.

Kjerneområde landbruk

Arbeidet med kartlegging av kjerneområde landbruk er starta opp, men pga. ressurssituasjonen har ein ikkje greidd å prioritere dette arbeidet i denne perioden.

Kommuneplanen sin arealdel

Dette arbeidet vil bli omfattande og vil krevje ressursar i form av både personell og økonomi. Oppstartssak er tenkt lagt fram for politisk behandling i løpet av hausten.

Mottak av flyktninger:

Kommunestyret har vedtatt at kommunen skulle ta i mot 10 flyktninger i 2013. Om lag halvparten av desse er komne, medan resten kjem i 3. tertial.

PERSPEKTIV FOR ØKONOMI OG RESSURSAR

Hovudmålet i styringskortet er at Haram kommune skal nytte ressursane effektivt. Fokusområde i 2013 er

- Utøve tydeleg og samkørt leiing for å identifisere, skaffe og nytte tilgjengelege ressursar på tvers av sektorar (offentleg, privat og frivillig)
- Vurdering av strukturar/tenestetilbod innanfor område omfatta av kommunestyrevedtak/budsjett

Samarbeidsformer og koalisjonar

Det har vore gjennomført ein prosess for å samordne arbeidet i Haram Innovasjonsstudio og Haram Næringslag. Jfr k-sak 027/13. Prosessen vart fullført i juni. Samarbeidet vert no organisert i eit fellesskap gjennom Haram Næring – Innovasjonsforum som er sekretariat for begge dei tidlegare organisasjonane. Felles styre vart valt på årsmøte i juni, og arbeidet er no godt i gang.

Kommunen vart etter søknad til KRD tildelt 1,9 mill til eit "Bulyst-prosjekt". Prosjektet vidarefører satsinga som vart starta med støtte frå fylkeskommunen (LUK-midlar). Prosjektet vert koordinert frå Haram Næring- og Innovasjonsstudio. Ein reknar med å ha tilsett prosjektmedarbeidar i løpet av september, i tråd med søknaden. Det skal etablerast styringsgruppe med representantar frå samarbeidspartar.

Strukturer/tenestetilbod:

Kommunestyret har gjennom budsjett eller eigne vedtak fastsett at det skal leggast fram eigne saker knytt til strukturar/tenestetilbod. Saker vedk. Frivillegcentralen og skulestruktur i Vatne/Tenfjordområdet vart lagt fram for kommunestyret i juni. Vidare oppfølging i forhold til saker vedk. barnehage, helsestasjonar og bibliotek vil bli lagt fram i løpet av hausten.

I høve Frivillegcentralen ga kommunestyret uttrykk for at ein har arbeidd godt inn mot

satsingsområda, særskilt knytt til innvandrarar og det fleirkulturelle Haram. Statlege styringssignal om auka samarbeid mellom offentlege, private og frivillige for å løyse viktige samfunnsoppdrag er ei utfordring og Haram kommunestyre ba om at ein tok omsyn til dette, og kom tilbake til kommunestyret med plan for arbeidet ved sentralen før budsjettbehandlinga for 2014.

I høve skulestukturen vedtok kommunestyret at ein ville avvente med å ta stilling til om ein skulle samlokalisere skulane i Vatne/Tennfjord-området på Eidet til ulike ting var avklara. Det vart imidlertid gjort vedtak om at ein skulle arbeide med å sikre nok areal til skule og andre offentlege formål, og dette arbeidet er starta opp.

Landbruksamarbeidet:

Midsund kommune har sagt opp samarbeidet med Haram kommune innanfor landbruk, samtidig som ein av medarbeidarane har slutta. Stillinga står førebels vakant, og ein prøver å finne løysingar der ein innanfor eigen organisasjon eller gjennom kjøp av tenester eller i samarbeid med andre kan greie å utføre dei tenestene som ein skal utføre.

Handlingsprogram/økonomiplan:

Kommunestyret vedtok i juni handlingsprogram og økonomiplan for perioden 2014-2017. Utgangspunktet for handlingsprogrammet er kommunen sin overordna plan (strategiplanen) for perioden fram til 2017. Gjennom ein prosess i formannskapet vart programområda/handlingsprogrammet gjennomgått og vedtatt saman med økonomiplanen. Det nye handlingsprogrammet bygg vidare på programområda som er innarbeid i strategiplanen for perioden 2007 -2011, og det nye handlingsprogrammet erstattar siste side i strategiplanen.

Energileiing:

Det vert arbeidd målretta med energisparande tiltak. Arbeid hittil har ført til ein reduksjon i energiforbruket på 14%. Målsettinga er å redusere energiforbruket med 20%, noko som kan medføre 3 millionar kroner i sparte energikostnader pr. år.

Energileiinga har som oppgåve å finne og gjennomføre energibesparande titak for alle bygg.

Energileiinga er samansett av deltakarar som representerar brukarar og driftspersonell for einingane skule, omsorg, barnehage og stab/støtte. Energileiinga vert leia av Eigedom og teknisk drift.

ØKONOMI

Status på rekneskapen i forhold til budsjett pr. 2. tertial 2013 – Vurdering frå einingane og stab/støtte

DRIFTSBUDSJETTET SAMLA

Netto forbruk pr. 2. tertial 2013 utgjer 64,2 % av årsbudsjettet. Dette er litt høgare enn det bør vere, og spesielt barnehage og omsorgseiningerne har eit overforbruk i forhold til budsjettet. Dei andre einingane er om lag i rute, og på enkelte område kan ein kome ut med eit overskot. Det vert imidlertid peika på ein del usikre moment som gjer det vanskeleg å kunne seie noko om det endelege slutt resultatet innanfor einingane.

ANSVARSGRUPPE 10 – POLITISK:

Netto forbruk pr. 2. tertial utgjer 57,4 % i forhold til årsbudsjettet. Dette er om lag som normalt, men kostnadane knytt til valet, samt møtegodtgjersle er usikre moment. Innanfor området er det budsjettert med kr 235.000 i tilleggsløyvingar som ikkje er disponert.

ANSVARSGRUPPE 11 – DIVERSE OG STAB/STØTTE:

Netto forbruk pr. 2. tertial utgjer 67,6 % i forhold til årsbudsjettet. Dette er om lag som normalt. Kostnadane knytt til første driftsåret i eKommunesamarbeidet er usikre, men ser etter 2. tertial ut til å ligge som forventa. Ein rekner ikkje med vesentlege avvik i forhold til ramma.

ANSVARSGRUPPE 13 – TILSKOT KYRKJELEG FELLESRÅD MM.

Netto forbruk pr. 2. tertial utgjer 68,3 % i forhold til årsbudsjettet. Overføringane til fellesrådet skjer i samsvar med det som er fastsett i årsbudsjettet. Innanfor same ansvarsgruppe finn ein og overføringar til andre trussamfunn, og dette er kostnadar som kommunen ikkje styrer sjølve. Budsjettet til dette formålet er auka frå kr 150.000 til kr 250.000 i 2013, men ut frå rekneskapstala for 2012 kan dette verte om lag kr 100.000 for lite.

ANSVARSGRUPPE 21 – GRUNNSKULETENESTER:

Netto forbruk pr. 2. tertial utgjer 61,9 % i forhold til årsbudsjettet. Einingsleiaren opplyser følgjande:

Eit netto forbruk på 62 % ser bra ut, men det er mange usikre faktorar som vil påverke sluttresultatet når året er omme.

Usikre moment på driftsbudsjettet kan m.a. vere straumkostnader, oppgjer med andre kommunar om fosterheimspllasserte born og inntekter SFO.

På lønnsbudsjettet er det brukt 64.0% ved utgangen av aug. Når ein tek omsyn til refusjon av sjukeløn, vert nettoforbruket på 62,3%. Dette talet ser bra ut, men ein sterkt auke i spesialundervisninga for skuleåret 2013-14 (frå 9,5% av elevane i 2012-13 til 10,6% av elevane i 2013-14) vil auke lønnskostnadene noko hausten 2013. Eit moderat lønnsoppgjer våren 2013 vil dempe lønnskostnadene noko.

Tilskot frå staten til norskopplæring for vaksne har kome inn relativt tidleg på året. Andre refusjonar kjem heller ikkje jamt gjennom året.

ANSVARSGRUPPE 23 - BARNEHAGETENESTER:

Netto forbruk pr. 2. tertial utgjer 66,2 % i forhold til årsbudsjettet. Einingsleiaren opplyser følgjande:

1. Forbruk av budsjetterte lønskostnader ligg på 62,6% når det er teke omsyn til sjukelønsrefusjon. Med ekstra løvying til Tennfjord for utvida drift, ser det ut til at dette skal halde når det gjeld dei kommunale barnehagane.
2. Kommunalt driftstilskot til private barnehagar er budsjettert med 28.580.000 kr. Dersom dei har same drifta for hausten som for vårhalvåret, kjem der til å bli ein minus på vel 1,1 mill. kr. Det skal gjerast ei avrekning i oktober når det gjeld barnetal, opphaldstid m.m.
3. Dei private barnehagane skal i tillegg ha utbetalt til saman 1,65 mill kr for 2012 med bakgrunn i at årsrekneskapen for dei kommunale barnehagane viste eit meirforbruk i forhold til budsjettet. Meirforbruket kom hovudsakleg av auka pensjonskostnader.
4. Det er også betalt ut refusjon til andre kommunar med knapt 0,59 mill kr for vårhalvåret. Dette er betaling for barn heimehøyrande i Haram som nyttar plass i private barnehagar der. Vi veit ikkje pr. i dag kva dette vil utgjere for hausthalvåret. Det er budsjettert med 0,2 mill.

Samla sett ser driftstilskotet til private barnehagar ut til å bli ca 3 mill meir enn det som er budsjettert.

ANSVARSGRUPPE 25 – TILTAKSTENESTER BARN OG UNGE:

Netto forbruk pr. 2. tertial utgjer 61,5 % i forhold til årsbudsjettet. Einingsleiaren opplyser følgjande:

Det er uråd å forutsjå utviklinga i barnevernet for siste tertial, men om det held fram som no ligg det an til balanse i budsjettet for TBU i 2013.

ANSVARSGRUPPE 31 – HELSETENESTER:

Netto forbruk pr. 2. tertial utgjer 69,5 % i forhold til årsbudsjettet. Einingsleiaren opplyser følgjande:

Totalforbruket er ein prosent høgare enn i fjor.

Det kommunale ansvaret for medfinansiering av sjukehusinnleggninga, utgjer ein stor del av budsjettet for Helsetenester. Utifra dei innbetalingane som er gjort til no, kan det sjå ut til at den budsjetterte summen vil halde. Det har stor innverknad på resultatet for eininga. Dette har ein ikkje endeleg oversikt over før til våren 2014.

Som det går fram av budsjettkommentarane og første tertialrapport, var det to område ein ikkje hadde oversikt over ressursbruken til, då budsjettet vart vedteke. Kostnad til utvida interkommunal legevakt og utvida tilbod i psykiatrien.

Den interkommunale legevakta viser seg å koste ein god del meir enn ein hadde budsjettert med, men ein håper likevel å klare å dekke dette innan eige budsjett.

Ein ser, som forventa, at lønskostnadane i psykiatritenesta er noko høge. Det vil bli søkt om støtte til ressurskrevjande tenester.

Ein har sett i verk planlagde innsparingstiltak. Dersom medfinansieringsposten held og søker om auka tilskot for ressurskrevjande teneste vert imøtekomen, ser det ut til at ein vil klare drifta innanfor rammene i budsjettet.

ANSVARSGRUPPE 33 – OMSORGSDISTRIKT 1 (YTRE):

Netto forbruk pr. 2. tertial utgjer 67,5 % i forhold til årsbudsjettet. Einingsleiaren opplyser følgjande:

Som rapportert i 1. tertial var føresetnaden for å halde budsjettet i 2013 at talet på stillinger vart redusert. Med den pasientsituasjonen ein har, er dette vanskeleg å få til. Behovet for bemanning er stadig til vurdering; dvs at ved ulike typar fravær blir behov for vikar nøyne vurdert. Grunnbemanninga er svært nøktern i tillegg til at det tidvis er svært vanskeleg å finne vikarar. Denne måten å drifta på ser vi kan ha gi uønska effekta som auke i forskyving av vakter og overtid. I dette bildet hører det også heime at ein betydeleg del av arbeidstida til tilsette går med til lovpålagt dokumentasjon og rapportering.

Det er løn som utgjer tyngda av utgifter og når vi ikkje får redusert talet på stillinger vil vi også ha store problem med å halde budsjettet. Vi kan velje å ikkje ta pasientane så raskt ut frå sjukehuset, med den konsekvens at kommunen då må betale kr 4125,- pr døgn, såkalla liggedøgn. Det alternativet ser vi som både dyrare for kommunen og därlegare for pasientane. Så langt i 2013 har Haram kommune betalt for 2 liggedøgn på sjukehuset.

Det er fleire årsaker til overforbruket:

Lønsutvikling for enkelte grupper, særleg hos ufaglærte og ubekvemstillegget vart gjennom det sentrale lønsoppgjaret auka i 2013, utan at dette er tatt høgde for i budsjett. I pleie- og omsorgstenestene har ein forholdsvis mange tilsette dette gjeld.

Ein har hatt auka korttidsfravær, noko som gir mindre refusjon, men kostnader for arbeidsgivar. Langtidsfraværet har gått ned, og ein har budsjettet med inntekter som ein ikkje har fått! Ved fravær har ein leigd inn vikarar grunna behovet for tenester hos pasient/brukars.

Så langt i år har ein svikt i brukarbetalinga i forhold til budsjett, både ved institusjon og i heimetenesta. Dette grunna fleire pasientar som har vore inne på avlastning og korttidsopphald, og i periodar har ein hatt ledige leilegheiter. Inntaksstopp ved Vatne sjukeheim ført til at pasientar/brukars vart tildelt plassar ved Haram omsorgssenter.

Kostnad på medikament er høgare enn budsjettet, dette er kostnadar som ein ikkje kjente til ved årets start.

Dersom inntektssvikten fortsetter kan det sjå ut som eininga ligg an til eit underskot på ca. 3.5 mill kroner i 2013. Det er lite som kan snu dette, anna enn auke i refusjonar og inntekter. Som nemnt tidlegare kan ein ikkje sjå at ein kan redusere bemanning, dette grunna den høge aktiviteten i tenesta. Innsparinga i denne størrelse orden, tilsvarar drifta ved Kveldsro.

ANSVARSGRUPPE 34 – OMSORGSDISTRIKT 2 (INDRE):

Netto forbruk pr. 2. tertial utgjer 68,1 % i forhold til årsbudsjettet. Einingsleiaren opplyser følgjande:

Som rapportert i 1. tertial var føresetnaden for å halde budsjettramma i 2013 at talet på stillingar vart redusert. Med den pasientsituasjonen ein har, er dette vanskeleg å få til. Behovet for bemanning er stadig til vurdering; dvs at ved ulike typar fråver blir behov for vikar nøyne vurdert. Grunnbemanninga er svært nøktern i tillegg til at det tidvis er svært vanskeleg å finne vikarar. Denne måten å drifte på ser vi kan ha uønska effekta som auke i forskyving av vakter og overtid. I dette bildet hører det også heime at ein betydeleg del av arbeidstida til tilsette går med til lovpålagt dokumentasjon og rapportering.

Det er løn som utgjer tyngda av utgifter og når vi ikkje får redusert talet på stillingar vil vi også ha store problem med å halde budsjettet. Vi kan velje å ikkje ta pasientane så raskt ut frå sjukehuset, med den konsekvens at kommunen da må betale kr 4125,- pr døgn, såkalla liggedøgn. Det alternativet ser vi som både dyrare for kommunen og dårligare for pasientane. Så langt i 2013 har Haram kommune betalt for 2 liggedøgn på sjukehuset.

Driftsrapport etter 2. tertial viser overforbruk. Årsaker til dette er m.a. større utgifter enn berekna til medisiner og medisink utstyr, mindre brukarbetaling enn berekna p.g.a. at sjukeheimen hadde inntaksstopp i ca 6 veker grunna utbrot av rotavirus og auke i ubekjemstillegg (kveld, natt, helg, høgtid). Og som nemnt over har vi ikkje p.g.a. pasientsituasjonen klart å gjennomføre nedbemannning som var ein føresetnad for å halde budsjettramma, det er den største årsak til overforbruket.

Sommaren 2013 har vi ikkje brukt vikarbyrå for å avvikle ferien. Vi har klart å rekruttere ferievikarar på anna måte, ei ordning som vi trur blir billegare for kommunen.

Det er stadige endringar blant pasientane, både i tal og hjelpebehov. Situasjonen er ikkje statisk og det er difor vanskeleg å vete nøyaktig kva resten av året vil gje oss av oppgåver. Ut frå dei tendensane vi ser no, kan det antydast eit overforbruk på ca 1,5 – 2 mill kr for 2013.

ANSVARSGRUPPE 35 – SOSIALTENESTER:

Netto forbruk pr. 2. tertial utgjer 70,8 % i forhold til årsbudsjettet. Einingsleiaren opplyser følgjande:

Dette er noko lavare enn på tilsvarende tid i 2012. Dersom vi periodiserer statstilskot, samt tilskot til Haram Industrier, er forbruket på ca. 64% som er lavare enn på same tid i 2012.

Butenesta har utfordringar som kan medføre ekstra utgifter til løn.

Totalt sett ligg sosialtenesta an til å kome ut i balanse om det ikkje oppstår ekstraordinære situasjonar som krev ekstra innsats.

ANSVARSGRUPPE 51 – BYGGESEN, LANDBRUK OG AREALFORVALTNING:

Netto forbruk pr. 2. tertial utgjer 30,9 % i forhold til årsbudsjettet. Einingsleiaren opplyser følgjande:

Rekneskapsmessig ligg eininga godt an på grunn av sparte lønnsutgifter. Det er ei vakant stilling på landbruk og ein av byggesaksbehandlarane har svangerskapspermisjon. På landbruk har i tillegg ein av dei tilsette jobba i redusert stilling ein del av året.

Gebyrinntektene er omrent det same som på same tid i fjor. Det er brukt mindre på konsulenttenester enn forventa. Det var budsjettet med meir utgifter til oppmålingskonsulentar ettersom ein

oppmålingsingeniør med lang erfaring gjekk av med pensjon i vår. Vi hadde nokre månadar med overlapping med ny og gamal oppmålingsingeniør, og vi har klart oss utan innleigde tenester.

Nokre utgiftar kjem ikkje inn i rekneskapet før ved årsslutt som til dømes husleige. Slik det ser ut no, vil eininga halde seg godt innanfor budsjettet.

ANSVARSGRUPPE 52 – EIGEDOM OG TEKNISK DRIFT:

Netto forbruk pr. 2. tertial utgjer 48,7 % i forhold til årsbudsjettet. Einingsleiaren opplyser følgjande:

Rekneskapet for ETD i 2 tertial viser eit forbruk innaføre den totale ramma.

VAR

Det ser ut for at gebyrauken for renovasjon, vatn og avlaup i 2013 er dekkande for auka kostnader.

Tidlegare underskot innanfor renovasjon vil delvis bli dekt inn og kan tilbakeførast til drifta generelt.

Vedlikehald veg

Det er innført streng kostnadskontroll og streng prioritering for vedlikehaldsoppdrag for veg.

Rekneskapet syner at forbruket ligg innanfor ramma.

Vedlikehald bygg

Vedlikehaldsarbeid for skulane blir utført i samsvar med vedlikehaldsplan og tilstandsrapport som blei vedteken i 2012. Arbeidet blir utført i samsvar med framdriftplan og økonomiplan for perioden 2013 til 2016. Planen har ført til auka effektivitet og betre kostnadskontroll.

Reinhald innsparing

Arbeidet med innsparing på 1 mill for reinhald er oppstarta. Innsparing er basert på å redusere frekvens på reinhald av forskjellige areal. Ein legg opp til å spare kostnader med å redusere bruk av vikarar og unngå oppsigelser av faste ansatte. Rekneskapet syner at ein vil klare å spare 1 mill med tiltaka som er iverksett.

Utleigearreal, kjøkken, butikk, m.m

Rolls Royce har sagt opp leigekontrakta og flytta ut av Gamle Sjukeheimen. Dette medfører bortfall av leigeinntekter på 0,5 mill. kr. Dette vil medføre eit underskot på om lag Kr. 400. 000,- på ramma.

ANSVARSGRUPPE 53 – KULTUR, FRITID OG MILJØ:

Netto forbruk pr. 2. tertial utgjer 57,2 % i forhold til årsbudsjettet. Dette er om lag som normalt, men uforutsette husleigekostnadar knytt til hovudbiblioteket i Brattvåg kan gi eit lite underskot. Auken i husleigekostnadane er knytt til etterkalkulasjon av felleskostnadar som ikkje var tatt høgde for i budsjettet.

MEDARBEIDARPERSPEKTIVET

Hovudmålet i styringskortet er at Haram kommune skal ha medarbeidarar som deltek aktivt i eit utfordrande og tverrfagleg arbeidsmiljø, med rom for læring og utvikling. Ein skal utøve tydeleg og samkøyrt leiing for å identifisere, skaffe og nytte tilgjengelege ressursar på tvers av sektorar (offentleg, privat og frivillig). Fokusområde i 2013 er

- Utvikle kunnskap, ferdigheter og haldningar blant medarbeidarar og leirarar, som vil vere støttande i arbeidet med å nå overordna mål

Oppfølging av medarbeidarundersøkinga:

Kommunen gjennomførte i 2012 ei medarbeidarundersøking der resultatet for kommunen samla vart presentert for kommunestyret gjennom årsmeldinga. Oppfølging av undersøkinga skal skje gjennom heile året, og einingane melder om at oppfølgande tiltak er sett i gong.

Styringsdokument innanfor personalområdet:

Lønspolitisk plan og etiske retningslinjer kom på plass i første tertial. Andre aktuelle styringsdokument er tenkt evaluert/revidert mot slutten av året.

Anna arbeid i forhold til medarbeidarperspektivet i einingane:

Indre omsorgseining har pga. budsjettituasjonen i 2012 og stort fokus på kvar og korleis ein brukar ressursar, siste året hatt ei kveldsvakt mindre ved Solbakken bukollektiv . Dette har ført til reduksjon i tilbodet til bebuarane, større press på tilsette og er merkbart for arbeidsmiljøet. For å handtere denne situasjonen er det starta opp med vegleiring- og refleksjonsmøter med tema "endring, omstilling, meistring". Ein bruker intern kompetanse til vegleiring, og tilbakemeldingane har vore bra.

Ein praktiserer forhandlingsturnus i heile indre omsorgseining, med gode tilbakemeldingar frå tilsette. Heimebasert omsorg i ytre omsorgseining er i startgropa for dette tiltaket.

Det blir arbeidd jamt med kompetanseheving i omsorgseiningane på ulike nivå. Ma. kreft, eldre/aldring, lindrande behandling, master i avansert klinisk sykepleie, saksbehandling og demens, ny gruppe med Demensomsorgens ABC er starta. Vi har søkt om og fått støtte til dette frå ulike instansar; kreftforeininga, Helsedirektoratet og Møre og Romsdal fylke.

Det er ei utfordring å tilpasse bemanning i barnehageeininger utifrå ei stadig endring av talet på barn, der det er sterkt minkande på øyane og eit aukande behov, særleg i Tønnfjord.

Einingsleiar har gjort vedtak om 11 dispensasjonar frå kravet om førskulelærarutdanning, Nokre av desse er under utdanning og ein del er i vikariat. Vi har problem med å få rekruttert nye folk med rett kompetanse til kommunen. Dette gjeld både private og kommunale barnehagar.

Ein er godt i gong med prosjektet om teamleiring / pedagogisk leiing i barnehagane. Prosjektet omfattar både private og kommunale barnehagar og skal tilføre ny kunnskap og haldning, styrke barnehagen som ein lærande organisasjon, og føre til tydlegare pedagogisk leiing.

Medarbeidarar frå alle deltenestene i sosialtenesta har delteke på ulike kompetansehevande tiltak.

Eigedom og teknisk drift er i prosess med å etablere faste driftsoperatører på faste bygg og dialog og samarbeidsmøte mellom bruker, driftsoperatør og reinhalarar.

Produksjonsplanlegging skjer i samarbeid med fagingeniører og driftsoperatørar.

Det er etablert avtale om kjøp av tjenester frå eksterne firma til vedlikehald grøntareal, vedlikehald veg og vedlikehald bygg.

Sjukefråvær:

Sjukefråværet vert utrekna for kvart kvartal, og hadde ein nedgang frå 7,9 % i første kvartal til 7,4 % i andre kvartal. Tilsvarande tal for 2012 var 9,6 % (første kvartal) og 7,4 % (andre kvartal)

PERSPEKTIV FOR PROSESS OG FORNYING

Hovudmålet i styringskortet er at Haram kommune skal vere i kontinuerleg og målretta utvikling, og tydeleg i si rolle som aktør i samfunnsutviklinga Fokusområde i 2013 er

- Fornye og forbetra system, struktura og prosessar for å kunne yte service og tenester med høg effektivitet og god kvalitet.

Kvalitetssystem

Ein arbeider med utvikling av felles heilskaplege system for rutinar og prosessar, både internt og på tvers av tenester og einingar. Det vert og arbeidd med å få til eit samarbeid med aktuelle andre kommunar i eKommunesamarbeidet. Til no er det ikkje trekt nokon konklusjon, og det må arbeidast vidare med dette i siste tertial.

Arkivplan

Kommunen arbeider med å få på plass ein ny arkivplan for heile organisasjonen. Dette er eit stort arbeid, der ein i løpet av året har som mål å få dokumentert kommunen si dokumenthandtering.

Meldingsløftet / Elektronisk meldingsutveksling

Ein er godt i gang med arbeidet for å innføre Meldingsløftet, elektronisk meldingsutveksling via Helsenett . Det vil framleis ta tid og ressursar framover for å få dette godt implementert i alle tenesteområde, men kommunen er kome langt samanlikna med andre kommunar på Sunnmøre.

Tildelingskontoret:

Indre og Ytre omsorgseining etablerte frå 1. februar 2013 eit nytt kontor for tildeling av tenester i omsorgseiningane. All saksbehandling er no lagt til kontoret, og har som mål å gi både effektivisering og kvalitetssikring.

IKT i skulen:

Skulane er godt i gang med å ta i bruk nytt IKT-utstyr, t.d. digitale tavler.

Samarbeidet i eKommune Sunnmøre har mange utfordringar i startfasen.

Nettverksproblem skaper vanskar med stabiliteten i det daglege arbeidet på skulane.

Den fleirkulturelle barnehagen:

Ein har starta arbeidet med å lage eit arbeidsdokument for den fleirkulturelle barnehagen i Haram. Dokumentet skal bli eit nytt verkty til hjelp for barnehagane i å møte det veksande talet på barn/familiar frå andre nasjonar.

Plandialog:

Plandialog er eit dataprogram som koplar kartsystemet saman med saksbehandlingssystemet. Programmet er no implementert og fungerer bra. Brukarane kan sjå kor langt arbeidet med ein pågåande plan er kome, og ein kan sjå på saksdokumenta som gjeld den aktuelle plansaka. Brukarane kan og sende inn uttale til plansakar som er ute på høyring gjennom bruk av dette programmet. Ein kan no få innsyn utan å kontakte kommunen, noko som kan frigjere tid for saksbehandlarane.

Vedlikehaldsplanlegging:

Eigedom og teknisk drift har innført nytt system for å utføre drift og vedlikehold av bygg og infrastruktur meir effektivt. Systemet legg opp til å auke samarbeid med brukar av bygg, reinhald og driftoperatør. Driftsoperatører skal ha vedlikholdsansvar for faste bygg og utvida moglegheit til dialog mellom brukar, reinhaldar og driftsoperatør gjennom faste driftsmøte.

Vedlikehaldsarbeid for skulane blir utført i samsvar med vedlikehaldsplan og tilstandsrapport som blei vedteken i 2012. Arbeidet blir utført i samsvar med framdriftplan og økonomiplan for perioden 2013 til 2016. Planen har ført til betre vedlikehald, auka effektivitet og betre kostnadskontroll.



ØKONOMIRAPPORT PR. 2. TERTIAL 2013

(pr. 31.08.13)

(Tala pr. 2. tertial er ikkje endelege tal ettersom rekneskapen for august ikkje er slutført,
men lønsutgiftene som utgjer største kostnaden er med.)

Økonomirapport 2. tertial 2013
(pr. 31.08)

Generelle inntekter / utgifter - Rekneskapsskjema 1A m/ justeringer			
	Rekneskap pr. 2.tertial 2013	Budsjett 2013	Rekneskap pr. 2.tertial 2012
Skatt på inntekt og formue	-139 901 136,08	-216 700 000	-130 623 045,00
Rammetilskot	-157 486 297,00	-224 400 000	-153 651 276,00
Andre generelle statstilskot			
Momskomp. investering	-1 937 720,19	-500 000	-1 391 994,00
Komp.invest. grunnskule	-120 468,00	-900 000	-128 616,00
Komp.invest. omsorg	0,00	-3 200 000	0,00
Statstilskot flyktninger	-4 860 600,00	-7 000 000	-3 362 750,00
Sum frie disponible inntekter	-304 306 221,27	-452 700 000	-289 157 681,00
Tap på fordringar og finanskostnader	0,00	0	30 928,00
Renteutgifter ordinære lån	15 979 362,02	24 900 000	16 181 196,64
Renteutgifter formidlingslån	836 072,68	1 100 000	485 920,66
Avdrag	2 258 426,00	27 000 000	2 237 910,00
Renteinntekter bankinnskot	-1 127 951,00	-350 000	-23 196,00
Renteinntekter formidlingslån	-722 720,93	-1 100 000	-252 458,00
Andre renteinntekter	-44 217,00	-100 000	-535 525,11
Avkastning likviditetsplassering	-773 505,00	-1 950 000	-53 921,91
Verdiauke finansplassering	-17 546 622,00	-29 935 697	-1 417 215,00
Motpost avskrivninger (VAR)	0,00	-3 400 000	-18 969 275,00
Kalkulatorisk rente (VAR)	0,00	-2 700 000	-7 732,00
Avdrag på pensjonsavvik	0,00	3 000 000	0,00
Netto finansinntekter/utgifter	-1 141 155,23	16 464 303	-2 354 295,72
Til dekking av tidl. rekneskapsmessig meirforbr.	0,00	15 935 697	0,00
Til bundne avsetninger	0,00	0	
Bruk av bundne avsetninger	0,00	0	0,00
Netto avsetninger	0,00	15 935 697	0,00
Overføring til investeringsrekneskapen	0,00	0	0,00
Til fordeling drift (Rekneskapsskjem 1B)	-305 447 376,50	-420 300 000,00	-291 511 976,72

SKATTEINNGANG OG RAMMETILSKOT

Det er budsjettert med inntekter frå skatt og rammetilskot på 441 millionar kroner, i tråd med KS sin prognose. Etter andre tertial utgjer desse inntektene 297,4 millionar, eller 67,4% av budsjettet.

På landsbasis har samla vekst i skatteinngang for kommunane pr. 2. tertial vore 6,9% i høve til same periode i fjor. Isolert sett viser tala for august ein nedgang på 4% i høve til august i fjor. Dette har samanheng med forskyvingar i fristane for innbetaling av restskatt. I fjor kom ein stor del av innbetalingane i august, mens det i år først vil komme i september. I tillegg til september er også november ein stor skattemånad. Hittil å år er veksten for kommunesektoren fortsett høgare enn det som staten har angitt for 2013 i revidert nasjonalbudsjett.

Åtskilt har skatteinngangen for Haram vore slik i 2013 samanlikna med 2012:

Månad	2012	Total 2012	2013	Total 2013	Endring	Endring i %
Januar	27 067 775	27 067 775	26 920 230	26 920 230	-147 545	-0,55 %
Februar	1 893 347	28 961 122	3 166 852	30 087 082	1 125 960	3,89 %
Mars	34 689 294	63 650 416	35 250 646	65 337 728	1 687 312	2,65 %
April	582 967	64 233 383	928 246	66 265 974	2 032 591	3,16 %
Mai	37 751 660	101 985 043	43 844 182	110 110 156	8 125 113	7,97 %
Juni	991 509	102 976 552	432 989	110 543 145	7 566 593	7,35 %
Juli	25 134 887	128 111 439	28 363 276	138 906 421	10 794 982	8,43 %
August	2 511 606	130 623 045	994 715	139 901 136	9 278 091	7,10 %

Som på landsbasis viser tabellen auka skatteinngang i 2. tertial i høve til 1. tertial. Samanliknar ein skatteinngangen i 2. tertial med same periode i fjor ser ein ei vesentleg auke. Ved utgongen av august ligg ein 7,10% høgare enn på same tid i fjor. Ein ligg såleis litt over landsgjennomsnittet.

ANDRE GENERELLE STATSTILSKOT

Mesteparten av rente- og avdragskompensasjon frå investering i omsorg og skule kjem i desember månad. Husbankrenta gjennom året vil avgjere kva tilskota vert på. Ein må gå ut frå at ein mottek om lag budsjetterte summar.

2010 var første året der momskompensasjonen delvis skulle gå tilbake til investeringsrekneskapen, og utgjorde 20%. Prosenten vert auka med 20% pr. år slik at frå 2014 skal heile momskompensasjonen førast til inntekt i investeringsrekneskapen. For året 2013 utgjorde dette 80%. Reglane for bokføring seier at heile momskompensasjonen på investering skal førast til inntekt i driftsrekneskapen. I 2. tertial utgjorde dette kr. 1 867 976. 80% av dette skal så overførast til investeringsrekneskapen som overføring frå driftsrekneskapen.

Avskriving og renter frå VAR område er sum som først vert endeleg utrekna ved rekneskapsavslutninga. Ein må gå ut frå at desse summane vert om lag som budsjettert.

AVDRAG OG RENTER PÅ LÅN

Mesteparten av låna er no utan fast avdrag. Budsjettet sum skal betalast og mesteparten av avdragssummen blir betalt 4. kvartal.

Tertialrapporten viser berekna påløpne renter i perioden. Det er ikkje venta vesentlig renteoppgang i 2013, og budsjettet rente på om lag 3,5% bør såleis halde. Ein viser elles til vedlagt gjeldsrapport for detaljert oversikt over lånegjelda pr. 2. tertial.

VERDI OG AVKASTNING AV MIDLAR PLASSERT I AKSJAR OG OBLIGASJONAR, SAMT AVKASTNING AV MIDLAR PLASSERT I LIKVIDITETSFOND

Pr. 1/1 2013 var investeringsfondet på kr. 250 735 518. Det er ikkje budsjettet med anna bruk av midlar frå fondet i 2013 enn kommitert kapital M&R Såkornfond. Det er heller ikkje betalt ut noko pr. 2. tertial frå fondet.

Pr. 1/1 2013 var verdien på midlane plassert i fond hos Carnegie og Pareto på:

Langsiktige finansielle omløpsmidlar	kr. 262 673 883
Likviditetsplasseringar	<u>kr. 13 612 749</u>
	kr. 276 286 632

Pr. 2.tertial 2013 har verdien på midlande endra seg slik;


Januar månad	verdiauke	kr 8 120 274
Februar månad	verdiauke	kr 5 372 213
Mars månad	verdinedgong	kr 1 792 268
April månad	verdiauke	kr 4 052 954
Mai månad	verdiauke	kr 2 875 631
Juni månad	verdinedgong	kr 3 664 206
Juli månad	verdiauke	kr 3 840 964
August månad	verdinedgong	kr 485 435

Netto verdiauke pr 2. tertial 2012	kr 18 320 127
------------------------------------	----------------------

Samla marknadsverdi finansforvalting pr 31/8-13	<u>kr 294 606 759</u>
Herav,	
finansielle omløpsmidlar	kr 280 220 505
likviditetsplasseringar	kr 14 386 254

"Paretorapporten" pr. 31/8 2013 ligg ved denne økonomirapporten.
For 2013 er det budsjettet med 31,9 millionar kroner i avkastning på finansforvaltninga.

Figuren nedanfor viser eit totalbilde av kommunen sin samla gjeld og plasseringar.



Merk at årets låneopptak er teke, men ikkje i større grad ført mot anlegg sjølvkost eller med rentekomp. Står difor saman med andre unytta lånemidlar på ca 139,4 mill kr og viser i figuren som vanlig gjeld (renterisiko). Figuren vil difor endre seg etter kvart som desse midlane blir nyttå på riktig stad i løpet av året, og vanleg gjeld (med renterisiko) vil da relativt sett synke.

OBS! unytta lånemidlar som står på bankkonto er ikkje medrekna her, kun bankinnskot som er plasserte til forvaltning (langsiktig likviditet).

DRIFTSUTGIFTER OG -INNTEKTER

Nettoutgifter i driftsrekneskapen er etter 2. tertial på 269,8 millionar kroner. Tabellen nedanfor viser korleis utgifter og inntekter for kommunen sett under eitt fordeler seg (finansinntekter/-utgifter og inntekter frå skatt og rammetilskot, dvs. ansvar 9000, er ikkje tatt med i tabellen).

2. Tertial 2013

	Akkumulert rekneskap	Forbruk %	Årsbudsjett
10 Løn, sos.utg.	232 318 090	63,9 %	363 329 000
11/12 Innsatsfaktorar	43 835 345	64,8 %	67 666 000
13 Kjøp av tenester	51 443 165	65,3 %	78 731 000
14 Overføringer	15 544 505	67,7 %	22 947 000
15 Finansutgifter	9 141	0,0 %	30 749 000
Sum utgifter	343 150 246	60,9 %	563 422 000
16 Salsinntekter	43 348 042	58,3 %	74 333 000
17 Refusjonar	29 195 829	67,2 %	43 452 000
18 Overføringer	207 408	1382,7 %	15 000
19 Finansinntekter	563 034	2,2 %	25 352 000
Sum inntekter	73 314 313	51,2 %	143 152 000
Nettoutgifter	269 835 933	64,2 %	420 270 000

Brutto utgifter 2.tertial utgjer 343,2 millionar kroner. Av dette er 67,7% løn og sosiale utgifter.

Utgifter til innsatsfaktorar er kjøp av varer og tenester som går inn som innsatsfaktorar i kommunen sin tenesteproduksjon. Dette gjeld til dømes forbruksmateriell, straum, inventar, forsikring. Kjøp av tenester gjeld utgifter til tenester levert til brukarane frå andre produsentar enn kommunen sjølv. Døme på slike kostnadar er driftstilskot til private barnehagar, opphold i barnevernsinstitusjonar eller kjøp av tenester frå interkommunale føretak.

Inntektene utgjer 73,3 millionar kroner, og ligg på 51,2% av det budsjetterte. Refusjonar og overføringsinntekter er ofte ikkje jamt fordelt gjennom året. Avvik her må difor tolkast med dette i mente.

I tabellane nedanfor ser ein utgiftene, inntektene og forbruk i % av årsbudsjett innanfor dei ulike driftseiningane. Tabellane gir same informasjon som Rekneskapsskjema 1B for 2. tertial vil gjere, men i tillegg på hovudkontonivå.

10 Politisk			
	Reknesk.	Budsj.	Forbr.
10	1 621 761	2 672 000	60,7 %
11/12	225 291	560 000	40,2 %
13	640 002	800 000	80,0 %
14	15 531	365 000	4,3 %
15	0	0	-
S.utg	2 502 585	4 397 000	56,9 %
16	0	0	-
17	12 420	62 000	20,0 %
18	0	0	-
19	0	0	-
S.innt	12 420	62 000	20,0 %
netto	2 490 165	4 335 000	57,4 %

11 Stab/støtte			
	Reknesk.	Budsj.	Forbr.
10	10 989 800	16 793 000	65,4 %
11/12	4 671 619	5 565 000	83,9 %
13	1 294 709	3 986 000	32,5 %
14	390 105	2 067 000	18,9 %
15	3 646	2 479 000	0,1 %
S.utg	17 349 879	30 890 000	56,2 %
16	1 026 701	1 410 000	72,8 %
17	1 523 437	5 101 000	29,9 %
18	0	0	-
19	0	2 479 000	0,0 %
S.innt	2 550 138	8 990 000	28,4 %
netto	14 799 741	21 900 000	67,6 %

13 Tilskot kyrkjeleg fellesråd m.m.			
	Reknesk.	Budsj.	Forbr.
10	0	0	-
11/12	0	310 000	0,0 %
13	0	0	-
14	3 892 500	5 390 000	72,2 %
15	0	0	-
S.utg	3 892 500	5 700 000	68,3 %
16	0	0	-
17	0	0	-
18	0	0	-
19	0	0	-
S.innt	0	0	-
netto	3 892 500	5 700 000	68,3 %

21 Grunnskuletenester			
	Reknesk.	Budsj.	Forbr.
10	58 477 309	91 342 000	64,0 %
11/12	6 845 861	10 721 000	63,9 %
13	2 358 543	5 168 000	45,6 %
14	1 103 812	1 792 000	61,6 %
15	1 604	7 119 000	0,0 %
S.utg	68 787 129	116 142 000	59,2 %
16	2 019 407	3 843 000	52,5 %
17	6 992 641	8 613 000	81,2 %
18	0	0	-
19	0	7 119 000	0,0 %
S.innt	9 012 048	19 575 000	46,0 %
netto	59 775 081	96 567 000	61,9 %

23 Barnehagetenester			
	Reknesk.	Budsj.	Forbr.
10	19 945 643	29 719 000	67,1 %
11/12	1 245 584	2 036 000	61,2 %
13	20 747 777	29 045 000	71,4 %
14	268 095	570 000	47,0 %
15	1 349	816 000	0,2 %
S.utg	42 208 448	62 186 000	67,9 %
16	3 578 504	5 580 000	64,1 %
17	2 284 146	900 000	253,8 %
18	0	0	-
19	0	816 000	0,0 %
S.innt	5 862 650	7 296 000	80,4 %
netto	36 345 798	54 890 000	66,2 %

25 Tiltakstjenester barn/unge			
	Reknesk.	Budsj.	Forbr.
10	10 333 747	16 804 000	61,5 %
11/12	2 361 841	3 789 000	62,3 %
13	1 335 348	1 357 000	98,4 %
14	472 381	738 000	64,0 %
15	138	54 000	0,3 %
S.utg	14 503 455	22 742 000	63,8 %
16	2 740	3 000	91,3 %
17	1 762 087	1 535 000	114,8 %
18	0	0	-
19	0	504 000	0,0 %
S.innt	1 764 827	2 042 000	86,4 %
netto	12 738 628	20 700 000	61,5 %

31 Helsetenester			
	Reknesk.	Budsj.	Forbr.
10	12 840 766	21 277 000	60,4 %
11/12	2 806 940	4 206 000	66,7 %
13	12 283 692	17 653 000	69,6 %
14	552 778	409 000	135,2 %
15	110	146 000	0,1 %
S.utg	28 484 286	43 691 000	65,2 %
16	612 951	1 016 000	60,3 %
17	3 485 627	7 454 000	46,8 %
18	0	0	-
19	0	146 000	0,0 %
S.innt	4 098 578	8 616 000	47,6 %
netto	24 385 708	35 075 000	69,5 %

33 Omsorgsdistrikt I (ytre)			
	Reknesk.	Budsj.	Forbr.
10	47 815 805	71 171 000	67,2 %
11/12	7 554 791	11 523 000	65,6 %
13	825	50 000	0,0 %
14	1 394 023	1 880 000	74,2 %
15	545	3 632 000	0,0 %
S.utg	56 765 989	88 256 000	64,3 %
16	8 116 930	12 630 000	64,3 %
17	3 516 153	5 556 000	63,3 %
18	162 245	0	-
19	127 071	3 632 000	3,5 %
S.innt	11 922 399	21 818 000	54,6 %
netto	44 843 590	66 438 000	67,5 %

34 Omsorgsdistrikt II (indre)			
	Reknesk.	Budsj.	Forbr.
10	26 933 402	40 556 000	66,4 %
11/12	2 390 170	3 656 000	65,4 %
13	11 881	20 000	-
14	490 403	805 000	60,9 %
15	40	922 000	0,0 %
S.utg	29 825 896	45 959 000	64,9 %
16	4 117 671	6 737 000	61,1 %
17	1 456 361	2 710 000	53,7 %
18	25 463	0	-
19	0	922 000	0,0 %
S.innt	5 599 495	10 369 000	54,0 %
netto	24 226 401	35 590 000	68,1 %

35 Sosialtenester			
	Reknesk.	Budsj.	Forbr.
10	20 441 337	32 359 000	63,2 %
11/12	1 418 466	2 050 000	69,2 %
13	4 343 347	5 915 000	73,4 %
14	1 311 234	1 699 000	77,2 %
15	0	385 000	0,0 %
S.utg	27 514 384	42 408 000	64,9 %
16	1 158 182	1 675 000	69,1 %
17	1 590 595	5 363 000	29,7 %
18	19 700	15 000	131,3 %
19	0	385 000	0,0 %
S.innt	2 768 477	7 438 000	37,2 %
netto	24 745 907	34 970 000	70,8 %

51 Byggesak og geodata			
	Reknesk.	Budsj.	Forbr.
10	4 066 278	7 226 000	56,3 %
11/12	612 280	2 003 000	30,6 %
13	11 770	0	-
14	762 725	1 147 000	66,5 %
15	100	52 000	0,2 %
S.utg	5 453 153	10 428 000	52,3 %
16	2 482 396	3 877 000	64,0 %
17	1 302 329	1 099 000	118,5 %
18	0	0	-
19	0	52 000	0,0 %
S.innt	3 784 725	5 028 000	75,3 %
netto	1 668 428	5 400 000	30,9 %

52 Kommunalteknisk drift og eideomsforvaltning			
	Reknesk.	Budsj.	Forbr.
10	15 130 570	27 324 000	55,4 %
11/12	11 518 257	18 115 000	63,6 %
13	8 334 984	14 585 000	57,1 %
14	1 600 030	2 120 000	75,5 %
15	1 518	12 251 000	0,0 %
S.utg	36 585 359	74 395 000	49,2 %
16	19 911 367	36 990 000	53,8 %
17	4 121 307	5 446 000	75,7 %
18	0	0	-
19	0	6 204 000	0,0 %
S.innt	24 032 674	48 640 000	49,4 %
netto	12 552 685	25 755 000	48,7 %

53 Kultur, fritid og miljø			
	Reknesk.	Budsj.	Forbr.
10	3 721 673	6 086 000	61,2 %
11/12	2 184 245	3 132 000	69,7 %
13	81 937	152 000	53,9 %
14	1 976 558	3 965 000	49,9 %
15	93	2 893 000	0,0 %
S.utg	7 964 506	16 228 000	49,1 %
16	321 193	572 000	56,2 %
17	1 148 727	1 213 000	94,7 %
18	0	0	-
19	0	3 093 000	0,0 %
S.innt	1 469 920	4 878 000	30,1 %
netto	6 494 586	11 350 000	57,2 %

Ettersom lønskostnadane utgjer nesten 70% av totalkostnaden vil avvik her gjere størst utslag. Etter 2.tertial bør ikke lønskostnadane overstige 63% (65% for omsorgseiningane). Totalt for kommunen er forbruket 63,9% av budsjetterte lønskostnadene. Korrigert for sjukelønsrefusjon vert forbruket 62,7%.

Tek ein omsyn til sjukelønsrefusjon vert forbruk av løn innan dei ulike einingane slik:

10 Politisk	60,6%
11 Stab/støtte	63,9%
21 Grunnskuletenester	62,3%
23 Barnehagetenester	62,6%
25 Tiltakstenester barn/unge	56,9%
31 Helsesteneste	58,5%
33 Omsorgsdistrikt I	67,9%
34 Omsorgsdistrikt II	67,1%
35 Sosialtenester	62,5%
51 Byggesak og geodata	53,5%
52 Kommunalteknisk drift	53,7%
53 Kultur, fritid og miljø	60,8%

Dei fleste einingane ligg innanfor den ovannemte marginen, men nokre ligg i høgste laget. Dette vert kommentert nærmare i første delen av tertialrapporten.

DRIFTSSITUASJONEN ELLES

Sett under eitt er totalsituasjonen for driftseiningane pr. 2.tertial slik:

Sum utgifter 60,9%

Sum inntekter 51,2%

Sum netto 64,2%

INVESTERINGSREKNESKAPEN

Dei største budsjett summane til investering i 2013 er følgjande:

	Rekneskap pr. 31/8-13	Budsjett 2013
Kommunehus - grunnerverv	34 280 045	36 000 000
Vaktmeisterar – vedlikehald, byggjetenester	5 716 184	12 400 000
Veg – vedlikehald, byggjetenester	497 398	12 000 000
Avlaup – vedlikehald, byggjetenester	43 252	9 000 000
Butilbud psykiatrisk	31 250	6 000 000
Vatne sjukeheim	149 088	5 000 000
Vatn	298 928	3 000 000

KONKLUSJON

Einingane, med nokre større unntak, ligg stort sett i rute etter 2. tertial. Ein viser her til einingsleiarane sine kommentarar i første del av tertialrapporten.

På finansieringssida har det vore ein skatteinngang litt over landsgjennomsnittet og syner god utvikling. Nasjonal skatteinngang, avrekningar og utjamningar på slutten av året vil vise om ein her kjem betre ut enn budsjettert. Auka i marknadsverdi på finansplasseringa 2.tertial er noko lågare enn i føregåande tertial, noko som er vanleg med omsyn på sesongvariasjonar i aksjemarknaden. Sjølv om netto verdiauke så langt dekkjer brorparten av budsjettet avkastning ut året, og ein ligg omrentleg slik som 2.tertial 2012, er ein avhengig av relativt god verdiauke i 3.tertial. Historiske sesongvariasjonar syner gode oppsing i 3.tertial.

Kommunen må halde utgiftsnivået i drifta så lågt som mogleg ut året.